

A photograph of a modern building at night. The building's facade is covered in scaffolding and safety netting. A large, glowing heart shape is formed by bright lights on the upper part of the building. The lower part of the building has large glass windows that are lit from within, showing interior spaces. In the foreground, there is a street with a wet surface reflecting the lights. A person on a bicycle is visible in the bottom right corner. A semi-transparent white geometric shape is overlaid on the left side of the image, containing the text.

ÅRSMELDING

GULATING LAGMANNSRETT 2020

Tingrettane i lagdømet



ÅRSMELDING

GULATING

LAGMANNNSRETT 2020

Førstelagmannen har ordet	4
Organisasjon og bemanning	5
Gulating lagdøme	7
Saksavvikling og statistikk	8
Viktige digitale verktøy innført	11
Utredere på hjemmekontor	12
Dommarar og heimekontor? På den eine sida, på den andre sida.	13
Rapport fra lagmannsrettens Stavangerkontor	14
Kva betyr digitaliseringa for sakshandsamarane?	15
Smittevern i Gulating lagmannsrett – intervju med sikkerheitssjef Espen Husby	16
Tilsette i Gulating lagmannsrett i 2020	17

FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET

Det har vore litt av eit år. Både i Gulating og elles i verda. Kwart år konkluderer me i lagmannsretten med at det har vore høg aktivitet og store endringar i domstolen vår - men det var før korona. Først no veit me kvar store endring eigentleg inneber. Dette året har me vorte utfordra i eit tempo og med ein intensitet som me tidlegare ikkje kunne drøymt om.

Då me midt i mars fekk pålegg om å stengja domstolen ned satte me straks i gang eit arbeid for å finna ut kva som skulle til for å opna igjen og driva vidare. I byrjinga var forvirringa stor. Korleis smitta viruset eigentleg, og kva smitteverntiltak måtte på plass før me kunne opna kontor og rettssalar? Då det etterkvart vart avklart at nøkkelordet var avstand knakk me mange tomrestokkar under oppmåling av aktør- og dommarbord i lokala våre i Bergen, Stavanger og Haugesund. I dei fleste straffesaker

deltek det sju meddommarar i lagmannsretten. Med så mange deltakarar var det ikkje mogleg å halda den avstanden som FHI påla oss på dommarbordet. Straksløysinga var å spreia dommarane utover i rettssalen. Etterkvart fekk me opp pleksiglas. No sit me i små båsar på dommarbordet og aktørane sit med god avstand på tilviste og nøye oppmålte plassar. Når det er forsvarleg nyttar me fjernmøte-teknikk så mykje me kan. Så langt har smittevernet vårt vore effektivt.

Å stengja domstolen heilt ned gjorde me forresten aldri. Det var lokala me stengde, ikkje verksemda. Alt som kunne handsamast skriftleg haldt fram med stor styrke frå heimekontora. I Gulating jobba me før korona for det meste på bykontora våre og treivst med det. Då dei fleste plutselig vart pålagt heimekontor var det mange som ikkje hadde utstyr til å jobba effektivt. Heldigvis var direktøren vår handlekraftig og fekk raskt på plass det som skulle til. Ei anna utfordring var signering av avgjerder, som etter kvart vart løyst med innføring av digitale signaturar.

I Gulating avviklar me nesten halvparten av sakene våre i Stavanger og har alltid vore ein reisande domstol. Tydelege restriksjonar knytt til reiser sette i byrjinga av pandemien ein midlertidig stoppar for reiseverksemda vår. Takka vera handlekraftige sakshandsamarar ved Stavangerkontoret vårt fekk me likevel avvikla saker frå Stavanger gjennom bruk av fjernmøteteknikk.

I løpet av våren, sommaren og tidleg haust fekk me oppgradert fjernmøteutstyret vårt kraftig og i mange rettssalar er den tekniske løysinga no av «Rolls Royce kvalitet» og flittig i bruk. Arbeidet med å vurdere om utvida bruk av fjernmøte og fjernavhøyr skal vidareførast etter pandemien er allereie i full gang. I Gulating er me positive til ei slik utvikling - men meiner det vil krevja fleire tekniske oppgraderingar og endå betre løysingar.

Me har i mange år hatt fokus på rettsmekling i Gulating. Då pandemien kom vart det raskt klart for oss at arbeidet med rettsmekling måtte intensiverast. Dei spesialiserte rettsmeklingsdommarane våre tok utfordringa og har endå eit år rettsmekla og forlikt ei stor mengd saker. Det er me svært nøgde med. Rettsme-



Førstelagmann Magni Elsheim – foto: Bjørn Erik Larsen

kling er ein svært viktig del av tvisteløysingstilbodet i domstolen og noko me kjem til å ha vedvarande fokus på.

Sjølv om me sidan i haust har hatt bortimot normal saksavvikling er det ikkje til å koma frå at nedstenginga i mars har sett sine spor i saksavviklingstala våre for 2020. Sakshandsamingstidene for 2020 er for lange. Me er difor svært glade for at det har kome midlar til ekstra dommarressursar frå Regjeringa. Det gjev oss god von om å koma attende der me var før pandemien, og på noko sikt innfri sentrale krav og mål for sakshandsaming i domstolane.

I denne årsmeldinga kan du lesa meir om dei digitale kvantespranga me har gjort under pandemien, korleis

me har jobba med smittevern, kva pandemien har gjort med saksavviklinga vår og kva sorger og gleder me har opplevd på heimekontora.

Tilslutt: Når me trass pandemien har klart å halda drifta i gang skuldast det at me i Gulating har dedikerte og lojale medarbeidarar som i ei krevjande tid har jobba hardt og målretta under stadig skiftande regime.

Her som elles er det menneska bak som er viktigast og utgjer forskjellen.

*Magni Elsheim
førstelagmann*

Organisasjon og bemanning

Gulating lagmannsrett er leia av ein førstelagmann. Førstelagmannen, to avdelingslagmenn, lagmannen for ankeutvalet og direktøren utgjer lagmannsretten si leiargruppe .

Leiargruppa i Gulating har i 2020 vore:


- Førstelagmann Magni Elsheim
- Avd.lagmann Martin Tenold
- Avd.lagmann Rolf Strøm
- Lagmann Guri Elisabeth Molven
- Direktør Kari Tepstad Utvær

I 2020 har lagmannsretten hatt 32 faste dommarembete, inklusive førstelagmannen og 4 lagmenn. Omlag 40% prosent av dommarane er kvinner.

Domstolen har vidare ein direktør, 8 juridiske utgreiarar, omlag 25 saksbehandlarar/administrative stillingar inkludert sekretariatsleiar og sikkerheitssjef.

Domstolen har 9 ekstraordinære lagdommarar og 2 sursgruppedommarar.

Gulating lagmannsrett er delt inn i følgjande avdelingar og utval/einingar:



Administrasjonsavdelinga

Administrasjonsavdelinga har ansvar for fellestenester som budsjett, HR, IKT, sikkerheits- og servicetenester, rettsbetjentar, informasjon og andre stabsoppgåver. Avdelinga vert leia av direktøren. Avdelinga har òg eit sekretariat.

Sekretariatet

Sekretariatet består av om lag 15 faste sakshandsamarar og vert leia av ein sekretariatsleiar. Sekretariatet har som hovudoppgåve å leggje til rette for ankehandsaminga av sivile saker og straffesaker i lagmannsretten. Eininga ligg i administrasjonsavdelinga.

Dei dømmende avdelingane (1 og 2)

Dommarane er delt i to avdelingar som vert leia av kvar sin avdelingslagmann. Dei dømmende avdelingane handsamar alle typar ankar over dom i sivile saker og straffesaker, fyrsteinstanssaker, overskjønn og ankar frå jordskifterettane.

Ankeutvalet

Dommarane i lagmannsretten gjer etter turnus teneste i ankeutvalet. Ankeutvalet handsamar: Ankar over ordskurd og vedtak i straffesaker (typisk fengslingssaker), ankeprøving over dom i straffesaker (siling), anke over ordskurd og vedtak i sivile saker. Dommarane i ankeutvalet har òg ansvar for saksførebuinga i anke over dom i sivile saker. Utvalet er leia av ein lagmann. For tida er det fem dommarar i utvalet. Det er fem utval gjennom året, tre i første halvår og to om hausten. Kvar utvalsperiode er på 8–9 veker.

Utgreiareininga

Utgreiareininga er knytt opp til utvalet ved at utgreiarane etter nærare retningslinjer vert tildelt saker til utgreiing. Utgreiareininga vert leia av ein lagmann og nestleiar for eininga.

Utnemt/tilsett i 2020:

Lagmann

Guri Elisabeth Molven frå 01.01.2020

Lagdommarar

Eivind Pundsnes frå 01.01.2020

Arnt Skjefstad frå 17.08.2020

Konstituerte lagdommarar

Marte Røv frå 03.02. til 30.06.2020

Anders Wyller frå 01.09.2020

Bjørnar Borvik frå 01.09.2020

Saksbehandlarar/administrasjon

Kathrine Underbakke vikar frå 26.02.2020

Svanhild Røgenes vikar frå 14.04.2020

Maria Bødal vikar frå 05.10.2020

Geir Lussand frå 05.10.2020

Sofie Thomassen Pova frå 01.11.2020

Juridiske utgreiarar

Britt Eren Meling frå 01.04.2020

Nina Sofie Lem Samuelsen vikar frå 01.06.2020

Ole-Bjørn Aase frå 01.12.2020

Nestleiar for utgreiareininga

Linn Tordal Halvorsen frå 01.09.2020

Slutta i 2020

Lagdommarar

Håvard Romarheim slutta 30.06.2020

Ekstraordinære lagdommarar

Birger A. Stedal slutta 30.11.2020

Saksbehandlarar/administrasjon

Wibecke S. Onarheim slutta 29.02.2020

Wenche Lund slutta 31.08.2020

Terje Olav Høiland slutta 01.10.2020

Edvard Natvik slutta 01.10.2020

Mathild Riisnes slutta 31.11.2020

Juridiske utgreiarar

Anders Hoff slutta 29.02.2020

Lene Roska Aalèn slutta 31.03.2020



Foto: Janicke K. Vognstølen

Gulating lagdøme

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan lokala våre i Bergen, har me faste kontor og faste rettslokale i Stavanger og Haugesund. I tillegg set me rett andre stader i lagdømet etter behov.

Lagmannsretten er ankeinstans for sivile saker og straffesaker, og er førsteinstansdomstol for overprøving av saker som er avgjort i Trygderetten. Lagmannsretten behandlar óg overskjønn og anke over avgjerder frå jordskifterettane.

I embetskrinsen var det per 1. januar 2020 til saman 1 116 423 innbyggjarar, som fordelte seg slik på dei tre fylka:

Rogaland	479 892
Vestland	636 531

I dei to fylka er det til saman 86 kommunar.

I Gulating lagdøme er det 8 tingrettar:

- Sogn og Fjordane tingrett
- Bergen tingrett
- Hardanger tingrett
- Sunnhordland tingrett
- Haugaland tingrett
- Stavanger tingrett
- Jæren tingrett
- Dalane tingrett

Lagmannsretten er ankeinstans for følgjande jordskifterettar:

- Nordfjord jordskifterett
- Indre Sogn jordskifterett
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
- Nord- og Midhordland jordskifterett
- Indre Hordaland jordskifterett
- Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
- Sør-Rogaland jordskifterett
- Lista Jordskifterett



Foto: Janicke K. Vognstølen

Saksavvikling og statistikk

2020 har vore eit krevjande år for domstolane. På tross av koronapandemi har det likevel vore eit år med stor aktivitet og god saksavvikling i Gulating lagmannsrett.


I mars 2020 vart verksemda i lagmannsretten sterkt redusert, og rundt 60 saker vart utsette. Alle sakene vart før sommaren beramma på nytt, og frå hausten har me beramma som normalt.

Tendensen me har sett dei siste åra med færre innkomne saker held fram – dette gjeld for både


straffesaker og sivile saker. Den største nedgangen har i 2020 vore på innkomsten av straffesaker. Sjølv om me har hatt ein auke i behandlingstidene som ein konsekvens av pandemien, så har me ei behaldning og ein berammingshorisont som gjer oss eit godt utgangspunkt for 2021.

2020 har óg vore eit år med stor reiseverksemd for dommarane i domstolen, og 46 % av alle sakene har vore avvikla med rettsmøte utanfor Bergen.


Anke over dom i sivile saker



Straffesaker til hovudforhandling



Anke over orskrud/vedtak i straffesak



Sivile saker

Me fekk inn 323 sivile ankesaker i 2020 mot 337 saker året før, og då året var slutt hadde me ei behaldning på 192 saker som er 28 saker fleire enn i 2019. Behandlingstida gjekk noko opp i fjor som ein følge av pandemien, og gjennomsnittleg behandlingstid var 200 dagar. Dette er over Stortinget sitt måltal for gjennomsnittleg behandlingstid for denne sakstypen som er 180 dagar, og me har von om at me i 2021 kjem ned att på dette nivået.

Me har likevel ein akseptabel berammingshorisont ved inngangen til 2021, og partane kan få saka si opp til ankeforhandling innan 5–6 månader.

Ved bruk av rettsmekling har me eit godt tilbod til dei som ikkje vil venta så lenge, og som ynskjer å koma fram til ei løysing båe paratar kan leva med. I 2020 vart det rettsmekla i 60 saker, og i 85 % av desse vart saka forlikt og endeleg avgjort. Dette er óg eit resultat me er særst godt nøgde med.


Straffesaker

Me mottok i 2020 totalt 446 anker over dom i straffesaker. Dette er ein nedgang på 37 saker frå året før og utgjer om lag 8 %. Av sakene som vart henvist til ankeforhandling vart det avgjort fleire saker enn dei som kom inn. Me ser likevel at behandlingstida totalt for straffesakene har auka frå 157 dagar til 227 dagar i snitt. Sjølv om me i 2020 har prioritert dei mest alvorlege straffesakene (bevisanke over 6 år), så har òg saksbehandlingstida i desse sakene gått opp og me har ikkje innfridd vårt interne mål om å halda behandlingstida for bevisankane under 180 dagar. Stortinget sitt mål er 3 månader.

Ved årsskiftet er beholdninga av straffesaker som er fremja til ankeforhandling 83 saker, dei fleste av desse sakene gjeld anke over skuldspørsmålet/bevisankar. Dette gjer oss ved byrjinga av 2021 ein beramingshorisont på 4-6 månader for straffesaker.

I 2020 vart 35 % av ankane i straffesaker viste til ankeforhandling, dette er noko mindre enn i 2019 då henvisningsprosenten var 44 %. Nedgangen må sjåast i samanheng med at det frå 2020 vart høve til å «sila» bort saker med strafferamme over seks år.

Anke over orskurd/vedtak i sivil sak



Anke over orskurd/vedtak i straffesak

Me har motteke 491 ankar over orskurd/vedtak i 2020. Dette er ein nedgang på over 11 % frå 2019, og er ei utvikling me har sett dei siste åra. Dei fleste av desse sakene er ankar i saker som gjeld varetektsfengslingar. Andre vanlege sakstypar er mellombels beslag av førarkort og besøks/kontaktforbod. Desse sakene er prioriterte og vert behandla skriftleg etter kvart som dei kjem inn med ei gjennomsnittlig behandlingstid på 5 dagar.

Anke over orskurd/vedtak i sivil sak


I 2020 fekk me inn 266 ankar over orskurd/vedtak i sivile saker. Samtidig har me avgjort 289 saker som er 30 fleire enn i 2019. Behaldninga ved inngang til nytt år er 40 saker som er ein nedgang på 24 saker. Behandlingstida var i fjor 58 dagar som er likt året før.

Avvikling av ankesaker i lagdømmet

Gulating lagmannsrett er ein reisande domstol, og utviklinga dei siste åra er at me avviklar stadig fleire rettsmøte utanfor Bergen. Også i 2020 har det vore stor reiseverksemd i domstolen, og totalt er 54 % av sakene avvikla i Bergen. I fjor vart 38 % av alle sakene avvikla i Stavanger og 3 % i Haugesund. For dommarane våre vert det mange reisedøgn til Rogaland. I tillegg avviklar me òg saker andre stader i lagdømmet.

I diagramma under går det fram kor me avvikla saker i lagdømmet i 2020.

Kari Tepstad Utvær
Direktør



Saksavvikling i perioden 2015–2020

INNKOMNE SAKER	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anke over dom i sivile sak	417	387	382	366	337	323
Anke over orskurd/vedtak i sivile	351	313	307	305	288	266
Overskjønn	21	19	16	13	16	12
Bevisanke over 6 år 1)	61	73	62	71	66	45
Meddomsrett 2)	96	94	85	87	88	67
Fagdommarsaker	41	45	61	50	51	38
Ankeprøving	559	549	534	512	483	446
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	603	672	624	585	548	491
AVGJORTE SAKER	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anke over dom i sivile sak	446	413	398	322	352	296
Anke over orskurd/vedtak i sivile	375	311	306	305	259	289
Overskjønn	17	20	18	17	11	12
Bevisanke over 6 år 1)	53	65	73	68	64	54
Meddomsrett 2)	91	97	96	99	70	76
Fagdommarsaker	42	51	55	54	50	48
Ankeprøving	555	547	516	529	460	427
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	601	672	622	583	546	492
BEHALDNING	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anke over dom i sivile sak	188	160	139	179	164	192
Anke over orskurd/vedtak i sivile	32	35	37	36	64	40
Bevisanke over 6 år 1)	32	43	30	31	39	31
Meddomsrett 2)	42	45	40	32	49	40
Fagdommarsaker	13	10	17	15	19	12
Ankeprøving	27	27	40	20	34	48
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	18	21	10	13	15	12
BEHANDLINGSTID (dagar)	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anke over dom i sivile sak	179	169	161	141	170	200
Anke over orskurd/vedtak i sivile	51	46	42	48	58	58
Bevisanke over 6 år 1)	190	221	176	186	159	235
Meddomsrett 2)	197	194	180	162	172	242
Fagdommarsaker	111	129	129	114	132	195
Ankeprøving	19	19	21	22	17	22
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	7	7	7	6	7	5

- 1) Gjeld Lagrettesaker og bevisanke over 6 år
- 2) Gjeld både meddomsrett bevisanke og begrensa meddomsrettssaker

Viktige digitale verktøy innført

Regjeringen vedtok i 2020 en midlertidig lov som gjorde det mulig for domstolene å gjennomføre flere rettssaker under koronapandemien. Domstolenes virksomhet regnes som samfunnskritisk. Loven åpner blant annet for økt bruk av fjernmøter og fjernavhør, nye metoder for signering av dommer, samt for forkynning av dommer i straffesaker ved elektronisk forkynning.

Gulating lagmannsrett har i 2020 tatt i bruk alle de nye elektroniske verktøyene slik at rettssakene gjennomføres etter regelverket på en smittevernfaglig forsvarlig og god måte.

Retten tar i den enkelte sak stilling til om rettsmøtet helt eller delvis skal gjennomføres som fjernmøte og om forklaringer skal gis ved fjernavhør over video. Det er et vilkår at dette er nødvendig og ubetenkelig. Rettergangen må uansett gjennomføringsmåte være rettferdig og ivareta partenes rettsikkerhet. Det må blant annet tas hensyn til parter og vitner, samt sakens karakter, varighet og bevisførsel ellers. Det er viktig å sikre verdige og betryggende rammer for rettsmøtet. Det er også et viktig hensyn å ivareta offentlighetens mulighet til å følge saken. Før retten treffer beslutning om fjernmøter og fjernavhør, skal partene gis anledning til å uttale seg.

I straffesaker legges særlig vekt på tiltaltes og eventuelle fornærmedes rettigheter. Tiltalte skal sikres adgang til fortløpig kommunikasjon med sin forsvarer.

Fjernmøte kan besluttes for hele eller deler av et rettsmøte og kan brukes i kombinasjon med skriftlig behandling. Det er ikke krav om at noen av deltakerne må være til stede på samme sted, og retten kan beslutte hvilke deltakere som skal delta ved fjernmøteutstyr. Dette gir fleksibilitet til for eksempel å beslutte at dommere skal delta fra rettens lokaler, mens øvrige deltar gjennom fjernmøteløsninger. En løsning er også at dommerne og advokater sitter i samme rom, mens andre deltar gjennom fjernmøteløsninger.

Den store gevinsten er at antall personer som må møte frem til rettsmøtet blir redusert. For den enkelte begrenses behovet for fravær og reising, og den smitte-messige belastningen på rettslokalene reduseres.

Elektronisk signatur av dommer har vi ventet på lenge, og den kom raskt på plass som følge av koronakrisen. Det er Posten som leverer e-signeringstjenesten som er valgt for domstolene. Dette er en felles tjeneste for private bedrifter og virksomheter i offentlig sektor. Løsningen gjør det enkelt å innhente e-signaturer på en trygg og effektiv måte. Saksbehandler sørger for at fagdommere og meddommere får e-post med lenke for signering. Selve signeringen utføres med bruk av BankID.

Det er også et alternativ etter loven at rettens leder signerer alene på dommen og bekrefter skriftlig at rettens øvrige medlemmer har godkjent innholdet.

Ordningen med e-signatur av dommer er til stor hjelp for Gulating lagmannsrett. Distriktet er stort, og særlig meddommere har ofte lang reisevei. Både fagdommere og meddommere unngår fravær og reising for underskrift av et dokument som den enkelte allerede har gjennomgått og sagt seg enig i.



Foto: Niklas M. Haldorsen

Forkynning av en dom i en straffesak vil si at den gjøres kjent for den det gjelder etter en lovbestemt prosess. Tidspunktet for forkynningen danner utgangspunkt for ankefristen. Elektronisk forkynning av dommer i straffesaker er et alternativ til vanlig fremmøteforkynning. Ved fremmøteforkynning blir tiltalte pålagt å møte frem i lagmannsretten, eller på et annet offentlig kontor, for å motta forkynning av dommen.

Den nye ordningen med elektronisk forkynning innebærer at tiltalte i retten pålegges å være tilgjengelig på sin oppgitte e-postadresse i et bestemt tidsrom, normalt to uker, og sjekke innboksen jevnlig. I løpet av dette tidsrommet oversendes dommen via postens signeringsløsning. Fordelen ved ordningen er også her at fravær og reising unngås.

Gulating lagmannsrett har i stor grad digitalisert rettssalene både i Bergen og i Stavanger slik at disse er tilrettelagt for gjennomføring av fjernmøte og fjernavhør. Erfaringene vi har gjort oss med de nye elektroniske verktøyene er gode. I mange tilfeller har bruken av fjernmøte og fjernavhør gjort det mulig å gjennomføre saker som ellers måtte ha blitt utsatt av smitteverngrunner.

De digitale verktøyene er, med enkelte justeringer, kommet for å bli. I det perspektiv kan koronapandemien ses på som en effektiv fødselshjelper.

*Martin Tenold
lagmann*

Utrederne på hjemmekontor

I disse koronatider er det mange som er henvist til hjemmekontor. I mars 2020 gjaldt det nesten alle i lagmannsretten, men etter som månedene har gått har mange vendt tilbake til arbeidsplassen, i hvert fall mye av tiden. For utrederne har retningslinjene imidlertid medført at vi i stor grad skal være på hjemmekontor, fordi arbeidsoppgavene våre kan gjennomføres hjemmefra. Og innen denne årsmeldingen er klar, vil vi ha tilbrakt bortimot ett år på hjemmekontorene.

I starten var situasjonen for en del av utrederne ekstra utfordrende, med stengte skoler og barnehager. Der noen kunne kjenne på ensomheten på hjemmekontoret, var situasjonen for en del andre at vi skulle sjonglere barnehage, skole og jobb. Det var en kaotisk og overveldende periode, men med stor velvillighet og fleksibilitet fra arbeidsgiver gikk det på et vis. Likevel var det befriende da skole og barnehage gjenåpnet.

Etter dette har alle utrederne vært i samme båt – alene på hjemmekontoret. Det er ikke til å legge skjul på at det til tider har vært utfordrende. Vi har savnet daglig kontakt med kolleger, den uformelle praten og smil som ikke kommer fra en skjerm. Og ikke minst noen å spise lunsj med. Det er en rar situasjon når dagens sosiale høydepunkt er en telefon fra sjefen med nye arbeidsoppgaver. Vi har imidlertid prøvd å finne sosiale møteplasser og pusterom. Som for mange andre har møtene blitt flyttet til digitale flater, men vi har også utvidet med digitale morgenkaffer på Messenger. Ellers har vi fulgt oppfordringen om å ringe en kollega jevnlig og har utvekslet utallige e-poster om hverdagen på hjemmekontorene – med tilhørende bilder. Vi er nå på fornavn med kollegaenes katter og barn, og har fått innblikk i alles interiørvalg.

Noen av oss har innimellom vært en tur på kontoret, og vært så heldig å treffe en kollega eller to. Det har alltid vært kjekt og gitt ny giv for nye uker på hjemmekontoret. Vi har også fått til noen fysiske treffpunkt hvor alle har vært samlet. I juni hadde vi sommerfest i hagen til en av oss – med en meters avstand målt opp med tommestokk og omfattende antibacbruk. Vi hadde god mat, drikke og quiz. I tillegg feiret vi en 40-årsdag med kake, lys, sang og presanger. Det var godt å se hverandre igjen.

Rett før den andre store nedstigningen i Bergen i starten av september, hadde vi også felles samling med kake – litt for å ferie at vi hadde fått ny nestleder og litt fordi det gikk an å være sammen. Lite visste vi at vi var på vei inn i en ny periode med strenge restriksjoner. Høsten ble for mange lang og litt tung på hjemmekontoret, og vi skjønte for alvor at perioden på hjemmekontor kunne bli langvarig. Vi forsøkte å holde motet oppe med digitale treffpunkter. I november hadde vi digital bursdagsfeiring da vi hadde en dobbel bursdag i utredningsenheten.

Jubilantene fikk frokost og kake på døra, og det var vakker bursdagssang, flagg, ballonger og hatter.

Heldigvis fikk vi til en julemiddag på et av byens hoteller i desember – også denne gangen under strenge smitteverntiltak. Det ble servert nydelig mat, arrangementskomiteen hadde gjort en fantastisk jobb med quiz og prisutdeling, og det ble holdt hyggelige taler. Det var godt å lufte finstasen og treffe igjen kollegaene. Alle satte stor pris på at arbeidsgiver la til rette for dette.

For våre tre nye kollegaer har det vært et ekstra spesielt år. Selv om de har fått være noe på bykontoret, er det utfordrende å begynne i ny jobb når man hovedsakelig sitter alene uten kollegastøtte vegg i vegg. Vi andre har vært tilgjengelige på e-post og telefon, og alle de tre nye synes å ha taklet utfordringen godt. De har også fått god oppfølging fra ledelsen i utredningsenheten.

Når vi skal oppsummere nesten ett år på hjemmekontoret, er det både negative og positive forhold som utpeker seg. Vi er heldige som kan gjøre jobben vår hjemmefra i trygge omgivelser, men savner alle de sosiale treffpunktene og de mer uformelle faglige diskusjonene med kollegaer. For oss med barn har det hjulpet på tidsklemma at vi jobber hjemmefra. Det har også vært en positiv erfaring at vi har blitt kjent med andre sider av hverandre, både gjennom e-poster, bilder og telefonsamtaler. Vi krysser likevel fingrene for at vi i løpet av 2021 kommer i en situasjon hvor det er behov for færre e-poster med bilder av katter og solnedganger – rett og slett fordi vi håper på normalitet ved å være sammen på bykontoret.

*Kamilla Hessevik Paulsen og Siri Nyhus Kolbjørnsen
Utrederne*



Foto: Kamilla Hessevik Paulsen

Dommarar og heimekontor? På den eine sida, på den andre sida.

Det er ein del av ryggmargsrefleksen til dommarar å vega for og imot for å løysa juridiske spørsmål. Det same prosessen skjer heilt umerkeleg og når dommarane ser opp frå dokumenta. Kanskje er derfor mange dommarar har eit «både og»-syn på heimekontor.

Då hovudregelen var at ein i arbeidstida skulle vera anten i rettssalen eller på kontoret, var det ein luksus å kunna sitja heime, heilt uforstyrta, og fordjupa seg i faglege spørsmål og skriva på ei avgjerd. I mars 2020 snudde det. Brått vart det ein luksus å kunna gå på kontoret når ein ville og ikkje måtte sitja heime og jobba.

Om pandemien hadde råka for nokre år sidan, hadde konsekvensane for arbeidet i lagmannsretten vorte mykje større. At det tidlegare kunne vera praktisk å ta med heim fysiske dokument for å skriva ein enkelt dom, er ein ting. Å måtte ta med seg dokument for å vurdere alle nye saker, og for å skriva rettslege avgjerder i ei rad med saker, hadde ikkje gått. Gulating er ankedomstol for – mellom anna – saker om varetektsfengsling. Det er ferskvare. Det hadde vore uråd å få dokumenta ut og gjennomgått av tre dommarar på kvart sitt heimekontor innan rimeleg tid.

I 2020 hadde me, så vidt, rukke å bli fulldigitalisert og dokument kom berre i digital form. Med eigen pc heime og alle oppgåver i innboksen på maskina, var me rusta for at arbeidet kunne gå som om me var samla på kontoret. Nesten.

Det var ikkje det same å sitja med ein pc i fanget og lesa lange dokument eller skriva lengre tekstar. Det som var bra nok ei veke, var ikkje bra nok som ei langvarig løysing. Så ganske raskt fekk alle på plass stor skjerm, tastatur, mus mm., og arbeidet kunne gjerast like lett heime som på kontoret. Nesten.

Faglitteraturen låg på nett. Møta kunne haldast på videolink, og alt gjekk som før. Nesten. Signeringa var ikkje like enkel som før. I lagmannsretten deltek det som regel tre dommarar som alle må skriva under på same dokument for at ei avgjerd skal verta gyldig. Her hadde me ingen godkjend dataløysing. Men me hadde ein dedikert sikkerheitssjef som køyrte rundt omtrent som ei kule på eit gamalt flipperspel, og fekk dommarsignaturar på papir. Heldigvis kom det på plass ei løysing med digital signatur før han og bilen vart heilt utslitne.

Mange syntes det var kjekt at dei ikkje lenger måtte bruka tid på å reisa inn på kontoret. Det var uvant, men effektivt å stå opp frå senga, gå på badet og så setta seg til kontorpulten. Men no var heimen ikkje lenger berre heim, men òg arbeidsplass. Om det var lett å logga seg på arbeidet, kunne det vera tyngre å logga seg av. Terskelen var låg for å berre lesa litt til, sjekka litteraturen litt til, skriva litt til, og sjekka e-posten ein gong til.

Andre var flinkare. Nokre klarte å gå ein tur medan dagen var på det finaste og tok heller arbeidet igjen om ettermiddagen. Men det var ikkje så lett å finna ein god rytme og eit godt skilje mellom arbeid og fritid.

Livet heime var ikkje som før. Det var rett nok hundar og kattar som sette pris på å ha eigaren heime heile dagen. Men dommarane, til liks med mange andre, erfarte at ektefellen og borna heller ikkje fekk gå på jobb eller skule. Og dei merka at tenåringane ikkje var like glade i selskap heile dagen slik som hunden.

Det var ikkje lenger ein luksus å sitja heime, for ein fekk ikkje lenger sitja i fred. Det kunne vera ein prøvelse. At ein som dommar får styra i rettssalen og bestemma kven som skal ha ordet og kva tid det skal vera pauser mm., var til lita glede når ein sat heime med familien i eit demokratisk land med velfungerande familiedemokrati – og vart røysta ned.

Men sjølv om ein etter kvart fann arbeidsrytmen heime, klarte å gjera alt digitalt og vart van med å sitja på kjøkenet med kjøleskapet som næraste venn, så mangla det noko. Nokre sakna arbeidsplassen frå første dag, og fleire slutta seg til. Det var kjekt å kunna jobba frå heimekontor ei stund, men det var ikkje like greitt over tid. Det vaks fram ei erkjenning av at arbeidsplassen er så mykje meir enn rettssalar og kontorlokale. Arbeidsplassen er eit fagleg og sosialt miljø, der ein kjem for å treffa andre, der ein kan stå i dørøpninga til en kollega og lufta eit fagleg spørsmål, få hjelp eller hjelpa til, fortelja om eller høyra om ungar, ferie, nyhende, sport eller kva det måtte vera. Det skal vera ein plass der alle kan vera til stades når ein kollega vert takka av eller når nye byrjar. Det er sjølvsagt bra at ein kan delta digitalt, og at ein kan ringa dei andre opp med eller utan bilete, men det vert ikkje eit like godt miljø.

Så, når pandemien slepp taket, kva då med heimekontoret? Vil det berre verta eit minne frå eit unntaksår? Nei, heimekontoret kjem nok til å leva vidare. No har me datautstyret på plass, me har fått på plass gode rutinar og me har opparbeid brukarerfaring. Heimekontoret vil i det lange løp ikkje kunne erstatta det faste kontoret, men halda fram som eit fabelaktig supplement. Det vil ikkje vera «anten eller», men «både og», og «alt med måte».

Ei perfekt løysing for dommarar som veg for og imot.

*Rolf Strøm
Lagmann*




Foto: Janicke K. Vognstølen

Rapport fra lagmannsrettens Stavangerkontor

Gulating Stavanger legger bak seg et år preget av omstillinger og høyt aktivitetsnivå. Gulating lagmannsrett er en av seks ankedomstoler i Norge, lagdømmet omfatter fylkene Vestland og Rogaland. Domstolen har hovedsete i Bergen, men også et kontor i Stavanger hvor det i 2020 arbeidet to saksbehandlere. 38 % av lagmannsrettens saksavvikling i 2020 fant sted i Stavanger.

Året 2020 har vært et spesielt år også i Stavanger, slik som for resten av landet. Fordi fagdommerne er tilreisende, har vi vært i en ekstra sårbar situasjon. Vi har måttet tenke nytt for å finne nye teknologiske løsninger til å avvikle rettsmøtene forsvarlig, og samtidig bevare effektiviteten i domstolen.

Arbeidshverdagen for saksbehandlerne i Stavanger er meget variert, og krever allsidighet. Gulating har tre rettssaler i Stavanger tinghus, samt en rettssal i Handelens Hus. Arbeidsdagen starter med å åpne rettssalene. I straffesaker får vi som oftest bistand fra rettsbetjenten. Rettsbetjentens rolle er å få sakene til å flyte, og hjelpe aktører, politi og dommere under sakene. Saksbehandleren bistår med klargjøring av saken i forkant, IKT, og veiledning av aktørene under forhandlingene. Vi har også ansvar for hotell- og flybestilling, sentralbord, smittevern, service- og publikumshenvendelser. I løpet av 2020 ble også det meste av saksbehandlingen knyttet til Stavanger-saker, overført til Stavanger kontoret. Dette har gitt oss som er saksbehandlerne i Stavanger bedre kontroll på saker som skal gå her. Det har også gjort det lettere å svare aktørene i forkant av sakene på spørsmål knyttet til IKT og andre praktiske ting.



Vi har vært i front med utvikling av en «heldigital rettsal», hvor vi i Stavanger fikk en helt ny oppgradert sal i sommer. Utviklingen på IKT har vært viktig, men også lærerik. Nå som det digitale utstyret har blitt ordentlig tatt i bruk, har dette medført en ny situasjon for oss med gjennomføring av saker digitalt.

På grunn av koronapandemien har vi i 2020 avviklet saker utenfor den tradisjonelle måten. Vi har benyttet oss av videolink, som har medført at vi slipper å ha flere aktører enn nødvendig i lokalene. Blant annet har vi avviklet saker hvor dommerne var med digitalt fra Gulating sine lokaler i Bergen, og aktørene møtte i en av våre rettssaler i Stavanger. Samarbeidet mellom Stavanger og Bergen har vært utmerket, og i tillegg har det har vært en positiv holdning blant aktører.

Vi står overfor nok et spennende år i 2021. Stavangerkontoret har to saksbehandlere, Svanhild Røgenes og Sarah Lyngholm Kristiansen i 100 % stilling, samt Kathrine Underbakke i 40 % stilling. Fokuset fremover blir å videreutvikle de digitale løsningene og tjenestene, og redusere de lange saksavviklingstidene som vi har fått under pandemien.

*Kathrine Underbakke
saksbehandler i Stavanger*



Foto: Niklas M. Haldorsen

Kva betyr digitaliseringa for sakshandsamarane?

Ein kjapp samtale med Maria, Cornelia, Line, Helga, Inger og Henriette L, på god avstand, rundt kaffemas-kina ein tidleg morgon i februar.

Kva betyr digitaliseringa for dykk?

Henriette L: Eg meiner at me no jobbar enklare og meir effektivt. Me forventar, og får, kjappare svar frå aktørane og kollegaene våre. Line seier seg samd. Ho supplerer med at digitaliseringa gjer at me kan gjennomføra mange av arbeidsoppgåvene våre frå kor som helst.

Kva legg de i «digitalisering»?

Henriette L svarar at me jobbar stort sett papirlaust. Arbeidsprosessane er òg digitale, om oppgåvene er dei same som før. Sjølv sakshandsaminga krev jo det same. Line: Eit døme er journalføring, det skal jo gjerast sjølv om dokumenta er digitale. Maria meiner at prosessane går raskare, sjølv om me framleis må scanna innimellom. Line: Det med scanning vart det mykje mindre av då det vart obligatorisk for advokata-ane å gå på Aktørportalen.

Så alt var ikkje betre før?

Henriette L: Nei! Arbeidskvardagane er mykje betre no. Me jobbar meir effektivt og oppgåvene gir meir meining. Berre det å sleppe å venta på sein postgang er ei lette. Det som gjer ting vanskeleg no er jo denne pandemien me står i.

Har det kosta noko?

Line: Det kan vera tungt å berre arbeida framføre skjermen. Eit døme er i psykisk helsevernsaker – det blir mykje skrolling som går utover både hender og auge. Arbeidet er meir statisk, me rører mindre på oss. Henriette L legg til at tidlegare måtte me jo gå til kopimaskina heile tida. Men mest må me vel ha spart - på porto og papir i alle fall. Cornelia: Mange vitne og meddomarar melder at det er krevjande for dei. Dei har ikkje det tekniske utstyret som me krev og ho er redd me står i fære for å mista dugelege folk. Attendemeldingane går på at systema våre ikkje er brukarvenlege. Inger: Eg opplever at arbeidet fylgjer meg inn i fritida på ein annan måte no. Ein er heile tida «på», medviten eller ikkje. Det lysar og blinkar i telefonen støtt – og ein «må berre» inn for å sjekka. Henriette L.: Det kan eg kjenna meg igjen i. Det er jo ikkje belastande, men grensene mellom fritid og jobb vert meir utviska. Line: Me er meir sårbare no. Bryt systema saman gjer me det òg. Maria: Digitaliseringa krev at me er nøyaktige, og at alle til ei kvar tid gjer sine oppgåver. Då eg var ny, tykte eg at Lovisa var

ulogisk. Det er mykje knappar og trykking. Det går ei stund før ein kan jobba effektivt i Lovisa. Cornelia: Framstega er klårt i fleirtal, men eg opplever i høve til nokre oppgåver at det kan vera vanskeleg å ha kontroll.

Hadde de EDB som valfag på skulen?

Helga: Eg hadde EDB då eg gjekk på sekretærskulen.

Line: Eg hadde EDB i 8. klasse. Eg var ein at åtte elvar på trinnet som hadde EDB som valfag. På handelssku-len hadde eg ETB. Henriette L: På skulen vår hadde me eit eige rom for EDB; EDB-rommet stod det på eit skilt på døra. Maria: EDB?? Aldri høyrte om EDB.

Har det da bra då damer?

Dei er samde om at Korona er noko herk som byr på vel mange utfordringar. Elles? Ja!

Henriette Hinna

Seksjonsleiar




Foto: Janicke K. Vognstølen

Smittevern i Gulating lagmannsrett – intervju med sikkerheitssjef Espen Husby

Med koronapandemien har lagmannsretten fått ei ny stor oppgåve med å sikra godt smittevern. Sidan mars 2020 har alle tilsette i lagmannsretten gjort ein stor innsats i smittevernarbeidet, men det er sikkerheitsavdelinga med Espen Husby i spissen som har hatt hovudansvaret for den praktiske oppfølginga.

Kan du fortelja om smittevernet i lagmannsretten?

Smittevernet i domstolane har sidan utbrotet i mars 2020 vore i stadig endring. Dette har gjort det utfordrande i kvardagen for tilsette og besøkande til domstolen. I Gulatingbygget er det me i sikkerheitsavdelinga som har ansvaret for å ta i mot besøkande, informera om smittevernreglar og sjå til at alle held nødvendig avstand. Me bidreg òg i rettssalane med reinhald av bordplater/vitnebord og andre oppgåver.

Alle som kjem til lagmannsretten må registrera seg digitalt via ein QR-kode eller SMS. Dette gjer me for å halde oversikt over alle som har vore på huset om det blir behov for smittesporing. Dette er òg ei oppgåve som me følgjer opp.



Er det gjort fysiske tilpassingar i rettssalane med tanke på smittevern?

Ja, me har mellom anna montert plexiglas på dommarborda og på enkelte aktørplassar. I tillegg har me målt opp alle rettssalane og tilpassa plassane til avstandskrava. På grunn av smittefare er det berre partar, aktørar og andre med strengt naudsynte ærend som har tilgang til lagmannsretten sine lokale. Publikum og presse kan følgja sakene via digitale møterom. I tillegg er det satt opp fleire dispensarar med handsprit.

Kva har vore mest krevjande å følgja opp?

Det mest utfordrande har vore å heile tida tilpassa seg endringar i smittesituasjonen lokalt og nasjonalt. Me har likevel klart oss godt, og har etablert eit godt system for smittevern i domstolen som gjer at me fort kan tilpassa oss endringar anten me må stramma inn eller kan løysa opp. Det har heldigvis ikkje vore smittetilfelle som kan relaterast til avvikling av rettsmøte i Gulating. Med godt smittevern har me von om å unngå det gjennom heile pandemien.

Er folk flest flinke til å følgja smittevernreglane?

Vårt inntrykk er at dei aller fleste er opptekne av å samvitsfullt følgja smitteverntiltaka. Stundom ser me at nokre gløymer å halda avstandskrava, og då gjev me dei ei påminning.

Kva tilbakemeldingar gjev besøkande på smittevernet i Gulating?

Aktørane har vore positive, og me har møtt stor forståing for korleis Gulating lagmannsrett har innretta smittevernet. Me opplever dagleg positive tilbakemeldingar frå publikum og aktørar som føler seg godt ivareteke ved besøk hjå oss.

Tilsette i Gulating lagmannsrett i 2020

Dommarar

Magni Elsheim (førstelagmann)
Guri Molven (lagmann)

Dommaravdeling 1

Martin Tenold (avdelingslagmann)
Rune Voll
Håvard Romarheim (til 30.06.20)
Stig Sjong
Haakon Meyer
Berit Moldskred Mo
Jarle Golten Smørdal
Per J. Jordal
Grethe Strandborg
Gro Berge
Roar Klausen
Arild Oma
Eivind Pundsnes
Marie Trovåg
Arnt Skjefstad (frå 17.08.20)

Dommaravdeling 2

Rolf Strøm (avdelingslagmann)
Hanne Sophie Greve (lagmann)
Jon Atle Njosen
Wiggo Storhaug Larssen
Margareth Christophersen
Carl Petter Martinsen
Ole Arne Linga
Torstein Frantzen
Vigdis Bygstad
Knut Harald Braathen
Kai Ove Roseth
Vidar Bergtun (jordskiftelagdommar)
Beate Blom
Ingrid Kjeldstad Gullaksen
Elisabeth Deinboll
Bjarte Askeland

Konstituerte lagdommarar

Marit Røv (03.02.2020–30.06.2020)
Anders Wyller (01.09.2020–28.02.2021)
Bjørnar Borvik (01.09.2020–28.02.2021)

Ekstraordinære- og ressursgruppedommarar

Arne Fanebust
Rune Fjeld
Bjørn Lillebergen
Rannveig Sjøvoll
Arne Solberg
Gunnar Steintveit
Birger A. Stedal (til 30.11.2020)
Geir T. Tonning
Ernst Moe
Jørn Ree

Juridiske utgreiarar

Anders Hoff (leiar til 29.02.20)
Linn Tordal Halvorsen (nestleiar)
Ole-Bjørn Aase (frå 01.12.2020)
Line Djupvik Andersen
Siri Nyhus Kolbjørnsen
Britt Eren Meling (frå 01.04.2020)
Kamilla Hessevik Paulsen
Ingrid Melheim (jordskifteutgreiar)
Helene Frich Hanøy
Nina Sofie Samuelsen (vikar frå 01.06.2020)
Lene Roska Aalèn (vikar til 30.03.2020)



Administrasjon/sekretariat

Kari Tepstad Utvær (direktør)
Henriette Hinna (sekretariatsleiar)
Espen A. Husby (sikkerheitssjef)
Sara Camilla Deisz
Lena Osberg Fauskanger
Helga Herfindal
Veronica Iversen
Tonje Jerstad
Sara L. Kristiansen (Stavanger)
Henriette Bergli Lillestøl
Wenche Lund (til 31.08.2020)
Inger L. Låstad
Linda M. Moen
Cornelia Helen Ohr
Wibecke S. Onarheim (til 29.02.2020)
Tonje Olsnes
Alice Hatlelid Opdahl
Sofie Thomassen Povia (frå 01.11.2020)
Svanhild Kristin Røgenes (vikar frå 14.04.2020)
Hjördis Skogen
Line L. Steffensen
Kathrine Underbakke (vikar frå 26.02.2020)
Janicke K. Vognstølen

Tore Ervik

Gabor Matthias De Groot
Maria Bødal (vikar frå 05.10.2020)
Kari Jordal (vikar)
Cate Norheim (vikar)
Mathilde Riisnes (vikar til 31.11.2020)

IKT

Lagmannsretten deler Ikt med Bergen tingrett
Niklas Haldorsen
Roman Davodov
Ole Martin Johnsen (lærling)
Imre Olsen Grønbech (lærling)
Magomed Khamidov (lærling)

Rettsbetjentar

Reidar Borlaug (Bergen)
Ove Johannessen (Bergen)
Geir Lussand (Bergen, frå 05.10.2020)
Tom Landa (Stavanger)
Terje Olav Høiland (Stavanger, til 01.10.2020)
Edvard Natvig (Stavanger, til 01.10.2020)



Foto: Janicke K. Vognstølen

Jordskifterettane i lagdømet





Gulating lagmannsrett

Postadresse: Postboks 7414, N 5020 Bergen

Besøksadresse: Gulatingsplass 1

Telefon: 55 69 39 00

E-post: gulating@domstol.no